



Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 23.04.2026
Tid: Kl. 18.30 - 21.00
Ord for dagen: **Håkon Rydland Sæbø**

Forfall må meldast til kyrkjeverja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller tlf. 913 47 802.

Varamedlemer får kopi av innkallinga og vert kalla inn ved behov.

Innkallinga er sendt til:

Mette Elisabeth Lambach	Leiar
Svein Lunde	Nestleiar
Tom Rydland	Medlem
Anne Kristin Skår	Medlem
Håkon Rydland Sæbø	Medlem
Anne Marie Røed	Medlem
Lillianne Jæger Vestbøstad	Medlem
Kari Raunholm	Medlem
Eli-Johanne Rønnekleiv	Sokneprest
Gisle Levåg	Kommunal representant
Kopi til varamedlemene: Wenche A. Helland Karin Korsvik Nils Andreas Brekke Aase Nøttveit Arild Steinsland, vara for soknepresten Rune Helland, vara for kommunal representant	

Fitjar, 19. april 2026

Mette Elisabeth Lambach
soknerådsleiar

Harald Rydland
kyrkjeverje

2026-04-23

Sak 2026/31 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

Sak 2026/32 Referat frå møte den 19. mars 2026

Evt. merknader til referatet kan fremjast i møtet.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møte den 19.03.2026.

Sak 2026/33 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden

På møtet vil soknepresten orientera om gudstenester og andre aktivitetar i kyrkjelyden sidan sist møte, samt aktivitetar som skal gjennomførast i kyrkjelyden i tida som kjem.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2026/34 Årsrapport for 2025

Fitjar sokn sin årsrapport for 2025 er så godt som ferdig, men det manglar litt finpuss før den kan sendast ut til offentleg gjennomsyn. Rapporten er lagt opp etter same mal som dei siste åra, der innhaldet er utforma av soknerådet, ansvarlege for frivillige aktivitetar og tilsette på kyrkjekontoret.

Rapporten er lagt ved innkallinga, slik at soknerådet kan komma med kommentarar og innspel til innhaldet før rapporten vert gjort heilt ferdig.

Det er skrive ei eiga årsmelding som er sendt til revisjonen saman med årsreknekspen for 2025. Dette er ei kort melding som kun omhandlar økonomiske forhold ved årsrekneskapen som soknerådet slutta seg til på førre møte. Denne meldinga er signert av soknerådsleiar og kyrkjeverje.

Soknerådet kan no ta stilling til stad og tidspunkt for det årlege soknemøte, der soknerådet skal gje medlemmane i soknet orientering om det kristelege arbeidet i kyrkjelyden i 2025. Det er 14 dagars frist for å kalla inn til møtet.

I mai månad er det er det vanskeleg å finn rom for årsmøte etter ei av gudstenestene. Soknerådet har tidlegare erfart at det er praktisk å gjennomføra årsmøte etter ei ordinær sundagsgudsteneste. Tidspunktet ser ut til å passa best er sundag 7. juni rett etter gudstenesta. Denne dagen vil og soknepresten vera til stade på gudstenesta.

Framlegg til vedtak:

1. Soknerådet har ikkje vesentlege merknader til årsmeldinga og ber om at den vert ferdigstilt på bakgrunn av kommentarane som kom fram i møte.
2. Det vert kalla inn til soknemøte i Fitjar kyrkje etter gudstenesta søndag 7. juni 2026. Framlegging av årsrapport og orientering om det kristelege arbeidet i soknet året 2025 vert einaste sak på møtet.

Sak 2026/35 Skattefritak for gåver betalt med Vipps

I Noreg har Stortinget etablert ei ordning for at det kan gjevast skattefritak for gåver til frivillige organisasjonar som er kvalifisert til å vera med i ordninga. Bakgrunnen er at styresmaktene ser på frivillig arbeid som ein svært viktig faktor i den norske samfunnet, og at staten på denne måten vera med og bidra til at folk skal kunna gje enno meir.

Den norske kyrkja og alle sokn som ligg under den, kan vera med i ordninga. Fleire privatpersonar som har bidrege med økonomisk støtte til Fitjar sokn har gjennom mange år fått skattefritak for gåvene. Sidan gåvene må rapporterast inn til skatteetaten har det vore uråd å registrera alt som er komme inn i kollektar og liknande innsamlingar. Difor er det helst dei som har vore med på fast gjevarteneste som har fått nytta seg av skattefritaket.

No er det komme på plass ei løysing som går ut på at det kan gjevast skattefrådrag får gåver som er betalte med Vipps. Gjevar må då melda frå til Vipps om at vedkommande ynsker at gåvene vert rapporterte til skatteetaten. Dette er ei ordning som krev ein del ressursar i samband med rapportering og anna. Difor må organisasjonen som mottek gåvene betala ein ekstra kostnad for tenesta. Kyrkjerådet har gjort rammeavtale med eit selskap som heiter Solidus. Dette selskapet skal ta seg av dei administrative oppgåvene med ordninga. Det er dette selskapet me må teikna avtale med, dersom soknerådet vil gå inn på dette.

Sidan kyrkja i Fitjar vil få nye kostnader med å vera med på ordninga, må det vera ei forventning at gåvene aukar sidan gjevaren får skattefritak. Dersom dette ikkje slår til, har det ikkje noko for seg å betala for å vera med på ordninga.

For tida er verdien av skattefritaket 22 %. D.v.s at ein gjevar sparer 22 kroner i skatt for kvar 100 kroner som vert gjeven. For å få frådrag me gáva til ein organisasjon vera på minst kr 500 i løpet av eit år. Maks årleg frådrag for kvar person er for tida kr. 25.000

Kostnaden for Fitjar sokn kan me ikkje sei nøyaktig på førehand, for prisen vert sett utfrå kor mange gjevarar som vert med på ordninga og kor mange betalingar dei har i løpet av året. Den årlege grunnprisen ser ut til å liggja på vel kr. 4000. I tillegg kan det komma kostnader som knyter seg til registrering og utsending av informasjon til gjevarane.

Framlegg til vedtak:

1. Soknerådet går inn for at det kan gjevast skattefritak for gåver til Fitjar sokn som er betalte med Vipps.
2. Kyrkjeverja må syta for at det vert lagt ut god informasjon om ordninga i gudstenester, i kyrkjebladet og på heimesida/Facebook
3. Ordninga skal evaluerast når den har vore i bruk gjennom eit år.

Sak 2026/36 Meldingar

På møtet vil det bli orientert om desse sakene:

- a) Lydanlegget i kyrkja. Kva som er gjort for å retta feil på anlegget (Harald)
- b) Soknepresten legg fram tankar om gudstenesteutvalet sin funksjon (Eli-Johanne)
- c) Konfirmantfesten den 6. mai (Harald)
- d) Nye medlemer til diakoninemnda (Mette)
- e) Komite for Fitjarhelg på Solgry til hausten (Mette)
- f) Oppgradering av leikekroken i kyrkja (Mette)

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til vitande

Sak 2026/37 Open post

Framlegg til vedtak:

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka